

SANDNES KOMMUNE
Postboks 583
4302 SANDNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:
Sak/dok.: 06/01406-340
Ark.: 326.12

Dato:
20.10.2025

Vedtak i namnesak 2022/218 – Bratteli mfl. i Sandnes kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten fleire stadnamn i Sandnes kommune slik det går fram av den vedlagde lista.

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

I samband med adressering i Sandnes kommune reiste Kartverket namnesak for gardsnamnet Brattlia/Bratteli og identiske/avleidde namn. Kartverket nytta samstundes høvet til å taka med nokon fleire namn som var registrerte med skrivemåtestatusen *foreslått* i Sentralt stadnamnregister (SSR). Eitt av namna ligg delvis i Sirdal kommune. Saka er reist for å fastsetje rett skrivemåte for offentleg bruk.

Kartverket sende saka til høyring og kunngjering i Sandnes og Sirdal kommunar i brev datert 01.02.2022 og 24.06.2022, i tråd med § 8 i loven. Sandnes kommune har sendt dei lokale høyringssvara til Språkrådet i fleire omgangar. Språkrådet gav tilråding i saka i brev datert 05.11.2024.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal taka utgangspunkt i den nedervde lokale uttala av namnet. Skrivemåten skal fylgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i loven. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skugge for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i SSR frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett, skal au spela inn. Det skal leggjast særleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innafor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverke skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgje for skrivemåten av slektsnamn.

Kunngjering

Kommunen skal syte for at vedtaket blir gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i loven, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Me bed au kommunen om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen sende melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

■ www.kartverket.no

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetje ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i loven. Føresetnaden er at hen kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren sende krav om det til Kartverket og leggje ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan au for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minne om reglane i stadnamnloven om plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgje vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er bruka om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket blir ståande utan at det blir påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet blir nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn og adressetilleggsnamn, skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR bli oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten blir henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å taka opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket blir kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket blir oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Åsmund Christenson
sakshandsamar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi: SPRÅKRÅDET
SIRDAL KOMMUNE

Vedlegg: Namneliste
Tilråding frå Språkrådet